

The image shows a central title 'Bli kvitt angst på fire dagar' in large, bold black font, superimposed over a background of numerous small, overlapping text snippets from a booklet. These snippets contain various tips, headings, and sections related to anxiety management. The overall design is a collage-like composition where the text snippets overlap each other, creating a sense of depth and information density.

Alvorlig angst blir med rette kalla «de unges lidelse». Halvparten av behandlingstrengande pasientar med angstlidning rammes i tenåra, og meir enn 75% blir ramma før dei fyller 25 år. Lidingane utgjør samen med depresjonar dei hyppigast og dei mest ressurskrevjande lidingane i den polikliniske spesialisthelsetenesta. Dei menneskelege og sosioøkonomiske gevinstane for kvar einaste som kan bli hjelpen er enorme.

Svært effektiv behandling

Behandlinga for tvangsliding (OCD), concentrated ExposureTherapy (cET) vekker stor interesse nasjonalt og internasjonalt. Metoden reduserer behandlingstida frå månader til fire påfølgande dagar. Meir enn 70% oppnår full remisjon som held seg over tid, det er i praksis ikkje fråfall.

Skal bli tilboden dei vanlegaste angstlidingane

Tilnærminga er sterkt etterspurt frå pasientar, pårørande og behandlarar, både nasjonalt og internasjonalt (Nederland, USA, Tyskland, Sverige, Danmark), og er lovande for andre lidningar som sosial angst, panikklidning og generalisert angstlidning. Spreiinga er i gang, og i løpet av 2017 er målet å kunne tilby det konsentrerte behandlingsformatet til alle helseregionane, og starte opp den første spreiinga av metoden til utlandet.

Tiltrekker seg dei fremste forskingsmiljøa

Formatet er ideelt for forsking på behandlingsmekanismer fordi det så sterkt reduserer usystematisk variabilitet knytt til forhold utanfor behandlinga. Samen med toppforskarar ved bl.a Harvard og UCLA er metoden nå utgangspunkt for kliniske-, fMRI-, farmakologi- og genetikkstudiar.

Priser

Året nyvinning 2015, Psykologiforbundet
Vinnar av den bergenske delfinalen i
Forskar Grand Prix i 2014

Finansiering

Helse Vest, fleirårig forskningsprosjekt og strategiske midlar

Nasjonale satsingar, NASATS

Helsedirektoratet

NIH (National Institute of Health)

Kavlifondet

Kontakt

Prosjektleder Gerd Kvale, OCD prosjektet
ved Kronstad distriktspsykiatriske senter.
e-post: gerd.kvale@helse-bergen.no
Telefon: 55 95 60 60

Sjå også nettsidene våre på: www.helsebergen.no/avdelinger/psykisk-helsevern/kronstad-distriktspsykiatriske-senter

Bergen Teknologioverføring (BTO)
e-post: post@bergento.no

